



Møtebok

Sak nr 20/2008

Møtedato: 5.3.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S 772

S 772, Nøsen – klage over vedtak

Rune Øygard søker i brev datert 24.4.07 om å få føra opp eit nytt sel på 70,8 m². Bakgrunn for søknaden er at familiesituasjonen har endra seg og at det er behov for meir plass. Søkjaren skriv i søknaden at han ynskjer å bevare kårselet slik det er, utan å kle korkje innan- eller utanpå. Han søker derfor om å få omdisponer dette til skåle/uthus. Selet ynskjer han å føre opp der fjøset står i dag. Fjøset er tenkt flytta ovanfor selet. Søkjaren opplyser at fjøset er i dårleg tilstand og treng opprusting.

På stølen er det registrert følgjande bygningar: låve/løe: 36m², fjøs: 46 m², sel: 41 m² og kårsel 23 m². I selet er det tre rom; eitt soverom, eitt kjøkken og eit opphaldsrom. Kårselet er ikkje gjort ferdig til bruk. Søkjaren førte opp kårselet i 2005 utan byggeløyve. I søknaden opplyste han at stølen var i bruk til forproduksjon. Ved kontroll viste det seg at stølsjordet ikkje var brukt til slått og opplysningane i søknaden var feil. På førespurnad bekrefta søkjaren at jordet ikkje var i bruk til slått slik som opplyst, men han hadde planer om å ta jordet i bruk att. I fjellstyresak 61/05 fekk søkjaren løyve til å ha kårselet ståande på vilkår av at stølsjordet vart teke i bruk innan 2007. Stølsjordet er no under opparbeiding og skal etter planen ferdigstillast i 2007.

Fjellstyret har endra saksbehandlingsrutinane som følgje av at søkjarane gir feil opplysningar. Skjema med eigenerklæring om bruken av stølen må no i kvart tilfelle kontrollerast på landbrukskontoret for stadfesting av at opplysningane er rette. Søkjaren blir kontakta om ikkje eigeerklæring stemmer med opplysningar frå landbrukskontoret.

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskrifta der det heiter:
Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn. Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Søknaden er oversendt Statskog og Oppland fylkeskommune for uttale, jf. stølsforskrifta § 13.

Oppland fylkeskommune har gjeve følgjande uttale:

Konklusjon:

Regionale kulturminnemyndighet vurderer det slik at området har regional og eventuelt nasjonal verneverdi som del av stølsområdene i Valdres.

Vi vil primært anbefale at en ser på muligheten til å utvide eksisterende sel dersom det er behov for mer areal. Vi vil ikke tilrå at fjøset tillates flyttet for å gi plass for et nytt sel, og at eksisterende sel benyttes som uthus.

Statskog meiner eksisterande bygningar på 64 m² bør vera dekkande ut frå bruken av stølen. Statskog frårådar derfor oppføring av eit tredje sel. Statskog har ingen merknader til at sel nr 2 blir gjort om til uthus. Dersom fjellstyret godkjenner omdisponer til uthus, tilrår Statskog at søkjaren får føre opp eit moderat tilbygg til eksisterande sel. Statskog har ingen merknader til flytting av fjøs.

Det er gjort lokalpolitiske vedtak som gjer at fjellstyret må behandle byggesaker på stølane strengare enn før. Dette gjeld ny kommuneplan og etablering av Valdres natur- og kulturpark.

Kommuneplan

Kommuneplanen set sterke føringar på bygging i statsallmenningen. I kommuneplanen er statsallmenningen definert som eit eige LNF-2 område.

I LNF-område kan det i utgangspunktet berre førast opp bygg og gjennomførast tiltak i samband med stadbunden næring.

Retningslinjer til punkt 2A) Område for stadbunden næring:

- Bygget/tiltaket må vera nødvendig og tenleg for bruk i samband med tradisjonell landbruksdrift. For vurdering av om det er nødvendig, skal ein ta omsyn til om den planlagte drifta av garden kan gjennomførast i rimeleg utstrekning utan bygget/tiltaket.

- Bygg brukt til utleige kjem ikkje inn under tradisjonell landbruksdrift, jamvel om dette vil gje eit større inntektsgrunnlag til bruket. Dette gjeld og for jakt- og fiskebuer der slik utleige av husvære i samband med utleige av jakt/fiske ofte vil gje større inntekter enn eiga hausting av ressursane.
- Kommunen ynskjer å føre ein særskilt streng politikk i forhold til dispensasjonssøknader i statsallmenningen (LNF-2 og 3 område). Det skal ligge føre særskilde og vektige grunnar for å gje dispensasjon frå desse føresegnene.
- LNF-område 2 har særskilde kultur og landskapsverdiar og er synt med særskild grøn farge. Ved etablering av nybygg av alle slag, skal ein freiste å plassere desse bygningane slik at dei harmonerer inn i stølslandskapet både når det gjeld form, farge, materialval og storleik.

Reglane i kommuneplanen set sterke føringar på kva som kan godkjennast. Dette gjeld både med omsyn til storleik, plassering og utforming. Dette gjeld alle slag hus på stølslaga, ikkje berre stølar. Kommunen har eit sjølvstendig ansvar for at bygging skjer i samsvar med planen. For bygging på stølar får Oppland fylkeskommune alle saker til uttale før fjellstyret gjer vedtak. For hytter på stølslaga gjeld reglane i kommuneplan på lik line som for stølar, men etter det ein kjenner til er har ikkje kommunen tilsvarande vurdering for hytter. Vidare bestemmer kommuneplanen at det kan ikkje førast opp bygningar på stølane som ikkje er nødvendig for landbruksdrifta.

Valdres natur- og kulturpark

Som del av merkevareprogrammet for regionen Valdres inngår ei overordna satsing på stølsmiljøet. Valdres er peika ut som pilot i det nasjonale verdiskapings-programmet på kulturminneområdet i samband med etablering av regionen som den fyrste regionale natur- og kulturpark i landet. Etablering av den regionale natur- og kulturparken legg eit stort ansvar på alle impliserte partar til å medvirke til å bevare dei store landbruks- og miljøkvalitetane som stølsområda representerar. Målet er at dei aktive stølsområda beheld sin funksjon, preg og byggeskikk knytt til landbruksdrift. Etablering av Valdres natur- og kulturpark fører slik med seg at fjellstyret må ta langt sterkare omsyn til desse måla i si saksbehandling.

Oppland fylkeskommune

Oppland fylkeskommune er gjennom kommuneplanen og Valdres natur- og kulturpark pålagt å ta langt sterkare omsyn til stølsmiljøet enn tidlegare. Fylkeskommunen er gjennom gjeldande fylkesplan og regionalt handlingsprogram, saman med andre regionale utviklingsaktørar, forplikta til å bidra til å vidareutvikle merkevarer Valdres med ei overordna satsing på stølsmiljøet. Regional kulturminnemyndigheit vurderer det slik at Vestre Slidre statsallmenning har regional og eventuelt nasjonal verneverdi som del av stølsområda i Valdres. Oppland fylkeskommune har ved byggesaker i seinare tid derfor vist eit strengare praksis for å sikre stølsmiljøet.

Det er ikkje berre fjellstyret som har ført ein strengare praksis den seinare tid, dette gjeld også Oppland fylkeskommune og Statskog. Det er viktig at alle aktuelle etatar følgjer planane som er vedtekne.

Tidlegare var det relativt få søknader om store sel. Søknader om bygging på stølar i bruk vart stort sett godkjent. Fjellstyret har den seinare tida registert ein aukande interesse for å føre opp tilbygg på sel eller føre opp sel nr 2. Dette skjer samstundes med at den mest intensive bruken av stølane går tilbake. Fjellstyret såg at ein har gjort vedtak som er romslege ut frå dei nye måla med stølslandskapet. Fjellstyret har derfor for eit år sidan innført strengare praksis ved byggesaker og avslege søknader om utvida areal når det ikkje kunne dokumenterast behov ut frå drifta. Kursendinga skjedd lenge før Rune Øygard søkte om bygging av nytt sel. Ein såg behov for at desse endringane vart vist i eit dokument som brukarane kunne blir kjent med på førehand og innrette byggeplanar etter. Fjellstyret sin sekretær fekk derfor i oppdrag å laga eit utkast til diskusjonsgrunnlag for ein slik vegleiar. Fjellstyret gjekk gjennom utkastet før saka til Øygard vart drøfta. Dette er ikkje å oppfatte som nye reglar i den forstand, men ei konkretisering av praksis som alt er gjeldande. I tillegg til arealgrensar differensiert ut frå ulik bruk av stølane, vil ein i ein slik vegleiar og omfatte byggeskikk. Dette er drøfta med Oppland fylkeskommune som har fagkunnskap på området og dei har gjeve positiv tilbakemelding. Som oppstart er det tenkt ei befaring i august der alle etatar som behandlar byggesaker i statsallmenning kan delta.

Fjellstyret er etter stølsforskrifta pålagt å vurdere behovet for hus på stølane. Dette har skjedd etter skjønn og dei skisserte arealgrensene er det same skjønnnet som no blir ført på papiret. Påstanden om at dette er reglar med tilbakeverkande kraft er derfor ikkje rett. Endring i sakbehandlingsrutinar har skjedd før aktuell søknad. Om fjellstyret i nokre saker tidlegare har vist romsleg skjønn, er det ikkje slik at ein er bunden av det gamle skjønnnet når nye vilkår gjer at ein må endre praksis. Fjellstyret er oppteken av ein open prosess i behandling av saker. Fjellstyremøta er derfor opne og alle vedtak blir lagt ut på fjellstyret si nettside. Tilsvarande ynskjer ein å laga ein vegleiar som skal vera tilgjengeleg for alle.

I sak 25/07 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

Fjellstyret utsett saka til befarung den 15. juni.

Fjellstyret såg på saka under befarung den 15.6.07 saman med Statskog og søkjar.

Til fjellstyremøtet den 20.6.07 leverte Rune Øygard eit brev med framlegg til løysing. Dette går i hovudtrekk ut på at fjøset blir ståande, kårselet (ført opp i 2005) blir fjerna og nytt sel på 70,8 m² blir ført opp på denne tomte.

Etter fjellstyret sitt syn er arealet for stort. Ut frå drift med forproduksjon kan ein ikkje sjå at det er behov for to sel med samla areal på over 110 m². Oppland fylkeskommune tilrår at ein fører opp nødvendig areal som tilbygg på selet. Rune Øygard møtte under fjellstyremøtet den 20.6.07. Søkjar og fjellstyret vart då einige om at ein ikkje skulle behandle saka før ein hadde sett på ei praktisk løysing under planlagt befarung saman med Oppland fylkeskommune i august.

I brev datert 25.6.07 klagar Øygard over saksbehandlinga. Her går det fram at søkjaren ikkje ynskjer ei befarung, men ei behandling av søknaden så raskt som råd. Klagen er i hovudsak grunngeven med at ingen lover eller andre reglar kan gjeva tilbakeverkande kraft og at det har skjedd forskjellsbehandling samanlikna med liknande søknader. Nærare grunngeving går fram av brevet med vedlegg.

Kjell Magne Snortheimsmoen reiste spørsmål om han var inhabil i saka fordi det vart vist til hans byggesak i klagen. Fjellstyret beslutta einstemmig at Snortheimsmoen ikkje var inhabil i saka.

Fjellstyret gjorde i sak 43/07 følgjande vedtak:

Fjellstyret vedtek å avslå søknaden om å få føre opp nytt sel på 70,8 m² med den grunngeving at det ikkje er behov for så stort areal ut frå drifta på stølen. Vedtaket er gjort etter § 13 i stølsforskrifta.

Fjellstyret avviser påstanden om forskjellsbehandling og behandling etter reglar med tilbakeverkande kraft. Praksis for byggesøknader var endra som følgje av nye vilkår i god tid før Rune Øygard søkte om byggeløyve.

Vedtaket er einstemmig.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Rune Øygard har i brev datert 18.7.07 klaga over fjellstyret sitt vedtak 43/07 der fjellstyret av slo søknad om oppføring av eit nytt sel på 70,8 m². Øygard har i brev datert den 16.8.07 hevda at han har eigendomsrett til stølen som følgje av kongeskjøte frå 1692. Statskog har i brev datert 3.9.07 avvist kravet om eigendomsrett. Øygard bad i ettertid om eit møte med fjellstyret for å drøfte saka nærare. Fjellstyreleiar Kjell Strand og fjelloppsyn I Harald Ranum deltok på møte med Øygard den 17.9.07.

Øygard skriv følgjande i e-post datert 23.9.07: Viser til hyggelig møte, og vil med dette meddele at vi setter klagen vi har inne på vent. Vi kommer med et nytt forslag til løsning i løpet av de nærmeste dagene.

Fjellstyret har i ettertid motteke ei teikning av eit nytt sel på 56 m² (BYA). Øygard har opplyst at han kan tenke seg å fjerne selet på 23 m² han førte opp i 2005 mot at han får føre opp eit nytt sel. Han ynskjer ikkje å bygge på det gamle selet. Grunnen til dette er at han ynskjer å bevare det gamle selet. Selet er av slik form og innreiing at det gjer påbygg vanskeleg, m.a. låg takhøg. Han ynskjer å tilbakeføre det gamle selet i meir opphavleg utforming.

Det gamle selet er på 41 m² (BYA). Samla blir gamalt og nytt sel 97 m² (BYA). Omrekna blir dette ca 87 m² (BRA). Under befarunga den 29.8.07 med Oppland fylkeskommune, Vestre Slidre kommune, Statskog og fjellstyret vart det diskutert at det kunne vera aktuelt å vurdere å auke arealet for sel der det var tale om å bygge på eit gamalt sel og det ikkje var mulig å utnytte arealet på same måte som ved nybygg.

Oppland fylkeskommune ved Magnhild Apeland har i e-post gjeve følgjande svar:

Størrelse og form ser greit ut, detaljer i fasade, omramming vinduer, vindskier og stolper kan forenkles noe. Ellers ok.

Statskog gir i brev datert 8.11.07 følgjande uttale:

Per i dag er det på stølen en samlet bebyggelse for beboelse på 64 m² fordelt på 2 bygg. Ved riving og nyoppføring av sel nr. 2 vil samlet bebyggelse for beboelse bli 97 m². Sett mot den opprinnelige søknaden er dette en reduksjon av omsøkt areal tilsvarende ca. 15 m². Tatt i betraktning at begge eksisterende bygg er gamle og har urasjonell arealutnyttelse i forhold til dagens standarder, er Statskog likevel av den oppfatning

at eksisterende bebyggelse bør kunne anses som tilstrekkelig i forhold til husstandens størrelse og driften på stølen.

Stølen er å anse som en driftsenhet i landbruket, og stølens verdi som fritidsbolig sommer som vinter er etter Statskogs oppfatning urelevant i vurderingen av behov for sel på stølen. Ut i fra opprinnelig søknad kan man lese at stølsbrukers behov for utvidelse i dette tilfellet springer ut i fra at familien nå har to små barn. Det er forståelig at stølsbruker finner det lite praktisk at familien splittes mellom forskjellige sel grunnet mangel på soverom. Skal man løse dette med 2 sel er det relativt opplagt at begge enheter vil måtte fremstå som to relativt fullverdige boenheter med påfølgende krav til areal. Statskog mener imidlertid at dette er feil vei å gå, og at det heller bør ses etter en løsning hvor man kan oppnå én fullverdig boenhet i stedet for to. Og at man som følge av dette kan vurdere å fjerne sel nr. 2.

En økning av bebyggelsen som omsøkt er etter Statskogs oppfatning fremdeles godt i overkant av hva det kan argumenteres behov for, og Statskog tilrår derfor fjellstyret å avslå søknaden på bakgrunn av at det ikke er behov for en utvidelse som omsøkt i forbindelse med planlagt drift

I sak 1/2008 gjorde fjellstyret følgende vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg på 56 m² (BYA) og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene. Vilåret for godkjenninga er at huset blir endra i samsvar med merknader frå Oppland fylkeskommune. Det blir sett som krav at sel på 23 m² oppført i 2005 skal fjernast og nytt sel skal først opp på same tomt.

Grunngjeving for å gå ut over normal maksimalt areal er at det er vanskeleg å byggje på det gamle selet slik at det blir praktisk, samstundes som ein tek vare på verdien som det gamle selet har. Fjellstyret stiller som vilkår for byggeløyve at det gamle selet blir ført tilbake til meir opphavleg utforming. Tilbakeføringa skal gjerast parallelt med bygging av nytt sel og arbeidet må utførast i samråd med Oppland fylkeskommune.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Statskog har i brev datert 3.4.08 gjort følgende vurdering :

Hvis man uten sammenligning for øvrig ser hen til fjellstyrets begrunnelse for vedtak i sak 57/2007 i brev til Statskog den 11. februar 2008, så viser fjellstyret der til at det ikke skilles mellom konkrete variasjoner innenfor kategorien støler i bruk til beite/fórproduksjon. Videre er fjellstyret av den oppfatning at det i dagens samfunn må anses som en rimelig standardheving å øke boarealet med 20 m² i forhold til tidligere tider.

I dette tilfellet kan dette synspunktet til fjellstyret tolkes som om man må kunne gis drøye 20 m² økning av boarealet i hver søknadsprosess ettersom stølen også fikk økt boarealet med 23 m² i 2005 uten at det har skjedd endringer i den konkrete driften eller planlagt drift. Reel økning i boarealet for denne stølen etter at det ble planlagt gjenopptakelse av driften er i dag 56 m².

I den opprinnelige søknaden argumenteres det blant annet for utvidelsen med at bedre plass på stølen vil kunne medføre utstrakt bruk av stølen store deler av året, sommer som vinter.

Statskog er av den oppfatning at stølens egnethet som fritidsbolig er et utenforliggende hensyn som ikke skal legges til grunn ved saksbehandling etter seterforskriftens § 13 ettersom stølen er å anse som en driftsenhet i landbruket, og bygging på denne skal skje ut i fra det konkrete behovet i forbindelse med drifta.

Når det gjelder drifta på denne stølen som er planlagt å bli fórproduksjon på 20 mål, så er Statskog av den oppfatning at dette ikke er en driftsform som fordrer kontinuerlig tilstedeværelse på stølen over lengre perioder. Således er vi også av den oppfatning at stølens bebyggelse på søknadstidspunktet er tilstrekkelig for en rasjonell utnyttelse av stølen i jordbrukssammenheng.

I fjellstyrets saksfremstilling fremgår det at en utvidelse av boarealet fordelt på flere enheter nødvendigvis fordrer mer areal enn en utvidelse av eksisterende bygning. Dette er også noe av grunnen for at Statskog har holdt fast ved sin tilrådning om at eventuelle utvidelser, som følge av fjerning eller omdisponering av sel nr. 2, bør skje som utvidelse av det opprinnelige selet.

Fjellstyret argumenterer i sakens siste vedtak for at man ved å oppføre et sel nr. 2 unngår en problematisk påbygging på det gamle selet samtidig som man i større grad bevarer det gamle selets verdier. Dette til tross for gjentatte uttaler fra Oppland fylkeskommune, som regional kulturvernmyndighet med kompetanse for byggestil på støler, hvor de fortrinnsvis tilrår utvidelse av det opprinnelige selet fremfor oppføring av flere sel til stølen.

Nok en grunn til å anse utvidelsen som uegnet og uforholdsmessig er det faktum at søknaden om utvidelse av bebyggelsen på stølen opprinnelig ble argumentert for med at familien nå består av 2 voksne og 2 barn, og således har behov for mer plass. Løsningen fjellstyret har gått inn for i sak 01/2008 medfører at man etablerer to fullverdige boenheter. Vi antar at dette i praksis vil medføre liten utvidelse av det arealet familien benytter ettersom det må anses som lite sannsynlig at familien fordeler seg på de to selene så lenge barna er små.

Fjellstyrets vedtak i sak 01/2008 vil sammen med tidligere tillatelse til utvidelse i sak 61/2005 medføre en utvidelse av stølens boareal fra opprinnelige 41 m² til 97 m² i forbindelse med at det planlegges å ta stølen i bruk til fórproduksjon. Statskog anser fjellstyrets vedtak, på bakgrunn av det ovenstående, både som urasjonelt og langt utover det som kan anses for å være behovet i forhold til drifta på stølen.

Klage på vedtak i fjellstyresak 01/2008:

Statskog velger å påklage fjellstyrets vedtak i sak 01/2008 da vi mener at vedtaket i for stor grad fundamenteres på prinsipielt grunnlag fremfor en konkret vurdering den enkeltes støls behov slik det fremgår av merknader til seterforskriftens § 13 i rundskriv M-3/2007 fra LMD.

Statskog har klagerett over vedtaket og klagen er sett fram i rett tid. Ved klage skal fjellstyret behandle saka på nytt. Om fjellstyret ikkje gjer om sitt tidlegare vedtaket, skal klagen sendast til SLF for avgjer.

Hovudargumentet i Statskog si klage er at det ikkje er behov meir bygningsareal og at fjellstyret har gjort vedtaket på prinsipielt grunnlag i staden for ei konkret vurdering av søknaden. Vidare argumenterar Statskog for at tiltaket er gjort i strid med uttale frå Oppland fylkeskommune.

Statskog sin påstand om at vedtaket er gjort mot Oppland fylkeskommune si tilråding er ikkje rett. Det har i denne saka vore fleire søknader, m.a. med eit hus meir og flytting av fjøs. Den siste søknaden inneber at eksisterande sel nr 2 blir fjerna og erstatta med eit nytt sel. Fjøset blir og ståande på same plass. Til søknaden fjellstyret behandla i sak 1/2008 har Oppland fylkeskommune i e-post den 14. og 21. november 2007 ingen merknader, utanom kommentar på detaljutforminga. Fjellstyret har stilt krav om at søkjaren må ta omsyn til merknadane og at det gamle selet skal førast tilbake til opphavleg utsjånad i samråd med Oppland fylkeskommune. Fjellstyret meiner med sitt vedtak å ha ivareteke kulturverdiane på ein god måte. Det er viktig å vera merksam på at uttale frå Oppland fylkeskommune er rådgevande og ikkje bindande for fjellstyret.

Statskog tolkar fjellstyret sitt vedtak slik at ein vil kunne tillate auke på 20 m² i kvar søknadsrunde. Statskog veit godt at dette ikkje er fjellstyret sitt synspunkt. Fjellstyret ser absolutt ingen grunn til å kommentere Statskog sin useriøse påstand ytterlegare.

Statskog hevdar at fjellstyret ikkje har gjort ei konkret vurdering av søknaden, men at vedtaket er gjort på prinsipielt grunnlag. Fjellstyret kan ikkje sjå at det er feil å ha prinsipp i korleis saker skal behandlast og at ein prøver å få lik behandling av søknader. Fjellstyret har gjort eit skjønnpå behov for hus ved dei ulike driftsformene. Ein har og sett på korleis dette samsvarar med tidlegare behandling. Ut frå dette har ein kome fram til maksimal storleik på sel som normalt kan godkjennast ved ulik drift. Fjellstyret kan ikkje på nokon måte sjå at slik skjønnsvurdering er i strid med lov eller forskrift. Det er ein stor fordel for alle at ein har klare reglar å halde seg til. Det er ikkje minst ein fordel for søkjaren at det er kjent kva krav fjellstyret stiller til søknaden og kva som normalt vil bli godkjent. Det vil og sikre at ein får meir lik behandling av likeverdige søknader. Fjellstyret har derfor starta opp arbeid med ein byggerettleiar for stølshus. Rettleiaren vil omfatte både storleik og utforming av hus, jf. det pålegg fjellstyret har etter §13. Arbeidet vil bli gjort i nært samarbeid med Oppland fylkeskommune, avdeling for kulturvern. Fjellstyret tek sikte på å få rettleiaren ferdig i løpet av 2008.

I utgangspunktet meiner fjellstyret at det beste løysinga er å bygga på sel når det er behov om meir areal. I denne saka er det, ut frå spesielle grunnar, gjort ei konkret vurdering med eit vedtak som fråvik frå normalen. Representantar for fjellstyret har sett på aktuelle sak under befaring og fjellstyret har vurdert tilbygg som ei upraktisk løysing. Det gamle selet er lågt og eit eventuelt godt tilpassa tilbygg bør ha same takhøgde. Dette vil gjera at den nye delen blir upraktisk og lite tilpassa dagens bruk. Innreiinga gjer også at ein får dårleg utnytting av arealet. Der tilbygg vil føre til dårleg utnytting av arealet, vil fjellstyret akseptere at dette kan løysast ved å godkjenne eit litt større areal. Fjellstyret meiner at på støl i bruk til beite eller fórproduksjon bør ein kunne få føre opp sel på 70 m² (BRA). I aktuell sak er det godkjent eit samla bruksareal på 87 m² (BRA). Det er 17 m² meir enn det som fjellstyret normal vil godkjenne ved eit reint nybygg. Ved eit eventuelt krav om tilbygg ville ein måtte auke arealet noko. Forskjellen mellom desse to løysingane er i realiteten berre 5-10 m².

På stølen er det frå før to sel. Det eine skal fjernast og erstattast med nytt. Det siste selet vart godkjent oppført så seint som i 2005. Statskog hadde i uttale den 8.11.05 ikkje merknader til at det vart ført opp sel nr 2 i staden for at bygget vart ført opp som tilbygg. At både Statskog og fjellstyret aksepterte dette prinsippet i 2005, gjer det ikkje lettare å krevja tilbygg i aktuell sak.

Statskog argumenterar for at fôrproduksjon som driftsform ikkje har behov for husværet. Statskog har eit prinsipielt anna syn på bygging på støl enn det fjellstyret har. Statskog meiner at ein ikkje treng sel på stølar der det er ei driftsform som ikkje krev at ein kontinuerlig tilstades på stølen. Dette betyr i praksis at alle stølar utan mjølkeproduksjon berre kan restaurere eller erstatte gamle bygg med nybygg av same storleik. Statskog Lillehammer har etter fjellstyret sitt syn, eit lite realistiske syn på kva praktisk stølsbruk er og dårleg forståing av lokal stølstradisjon. Utnytting av stølane i Vestre Slidre er total forskjellig frå det som er i Gudbrandsdalen. Bruksretten er ikkje konstant, men ein dynamisk rett som utviljar seg over tid og varierar frå område til område (jf. §2 om tida og tilhøva). Fjellstyret har registrert at Statskog har endra syn på byggesøknader etter at kontoret i Valdres vart lagt ned og ansvaret lagt til Lillehammer. Statskog hadde tidlegare ikkje merknader til liknande søknader. Det er mykje lokalkunnskap og forståing for stølsbruk som har vorte borte i denne prosessen.

Etter PBL er sel ein driftsbygning i landbruket. Fjellstyret ser ikkje vesentleg forskjell mellom behovsvurdering som skal gjerast etter PBL og fjelloven. Praksis landet over er at kommunane ikkje stiller slike strenge krav til behovsvurdering som Statskog står for. Skal behovsvurderinga vera slik Statskog hevdar, må styresmaktene sende instruks til kommunane om å endre til følgjande praksis: Søknad om bygging på stølar som ikkje er i drift med mjølkeproduksjon kan ikkje behandlast etter § 81 i PBL, unnateke er restaurering eller erstatting av gamle bygg med nybygg av tilsvarande storleik.

Aktuell søkjar har dyrka det ca 20 daa stølsjordet på nytt og det er klart til bruk til sumaren. Han har lagt ned mykje arbeidstid og pengar i dette. Han har lagt opp drifta etter det som er mogleg etter dagens jordbrukspolitik. Han tek vare på husa, stølen, stølslandskapet og stølstradisjonane. Skal ikkje stølsbrukarane få ha eit tenlege stølshus som er etter tida og tilhøva, er det ingen som vil gjera slike tiltak. Vestre Slidre statsallmenning har 300 stølar og dei aller fleste er i bruk. Her i bygda har vi ca 90 gardsbruk som brukar stølane til mjølkeproduksjon. Dette er utan tvil det mest intakte og aktive stølsområde i landet. For fjellstyret er det ei målsetting at dette særprega kulturlandskapet blir ført vidare. Det kan berre skje ved aktivt bruk. Med dei haldningar som Statskog syner, er det ikkje mulig å opprettehalde interessa for å ta vare på stølskulturen. Statskog sitt syn samsvarer ikkje med korkje lokale eller nasjonale målsettingar for stølsområda. Med støtte frå fire departement er Valdres natur- og kulturpark etablert. Eit av dei viktigaste elementa i denne satsinga er stølskulturen. For Valdres og Vestre Slidre spesielt, er stølsbruket avgjerande både for landbruket og anna næring.

Statskog skriv at dei har klaga over vedtaket for å få avklara kor langt bruksretten går og kor langt lokal skjønnsvurdering skal kunne gå. Etter § 13 skal fjellstyret vurdere behovet for hus og SLF sin kompetanse til å overprøve fjellstyret sitt skjønn er svært avgrensa. I forarbeidet til fjellova er det lagt vekt på at departementet skal vera svært forsiktig med å overprøve skjønnsvurderingane til fjellstyret. Dersom SLF overprøver fjellstyret sitt skjønn, er det ikkje behov for at fjellstyret behandlar byggesøknadane. LMD kan då i staden ta inn i forskrifta kva hus som er nødvendige og kva storleik dei kan ha.

Vedtak:

Fjellstyret finn ikkje at det er langt fram argument som gjer at ein kan endre tidlegare vedtak og fjellstyret vedtek å opprettheld vedtak i sak 1/2008. Klagesaka blir oversendt til SLF for avgjer.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 4.4.2008

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: SLF
Rune Øygard
Statskog
Vestre Slidre kommune
Oppland fylkeskommune